

Vedtatt budsjett og økonomiplan 2020-2023

Innhald og søk 

9 Lån og gjeldsgrad

9.1 Gjeldsgrad


Gjeldsgrad i 2019 vart brutto på 99% av driftsinntekter, netto på 81%.

Om kommunestyret følger rådmannens innstilling vil ein i perioden 2020 til 2023 sjå at gjeldsgraden auker. Dette er om ein vel å gjera noko med ungdomsskulen og skuleområdet på Hjelmeland.


Når det gjeld husbanken så har Hjelmeland i fleire år tatt opp lån i Husbanken på om lag kr 5 mill, rådmannen legger opp til eit vidare årleg låne- opptak hos Husbanken til startlån på kr 5 mill pr år i neste periode. Me har framleis eit lågt rentenivå. Det er bevegelse i rentenivået no, me estimerer med ei moderat auke i rentekostnader. Rentekostnader for neste periode er basert på estimat frå kommunalbanken sin finansportal.

Eit historisk meir normalt rentenivå (minst det dobbelte av dagens nivå) vil skape ein trussel for kommunens ansvar for tenesteytinga. Det er lite sannsynleg at man vil kome dit i løpet av dei neste fire åra. Det vil allikevel vera naudsynt at rådmannen tilrår kommunestyret å prioritera nye investeringsprosjekt, og også vurdere om ein skal utsetje eller avvikle vedtekne prosjekt for å redusere risiko og sårbarheit. Gjeldsgraden (lånegjeld som del av driftsinntekter) er eit uttrykk for belastninga knytt til det å betale renter og avdrag av løypande inntekter.

Rådmannen har valt å framstille gjeldsgraden med netto- og bruttotall. Brutto gjeldsgrad er total lånegjeld. Netto gjelds-grad er korrigert for formidlingslån og renteberande egedelar (hovudsakleg Lyse og RYMI). Målet i kommuneplana er gjeldsgrad på 60% netto. Utviklinga vil sjøvsagt vera avhengig av brutto driftsinntekter i perioden. Langsiktig mål for gjeldsgraden må etter rådmannens syn i første omgang vere å kome under 80% i brutto gjeldsgrad og 60% for netto. På tross av dette vel altså rådmannen å leggja inn auka låneopptak i perioden. Dette fordi det er svært viktig å ha gode og hensiktsmessige skulebygg. Det er og naudsynt med investeringar for å sikre ei naudsynt næringsutvikling i kommunen. NB! Eventuelle utbetalingar frå havbruksfondet er ikkje teke med i vurderingane. Heller ikkje eit eventuelt sal av vass- og avlaupsinfrastruktur. Gjeldsgraden vil i år 2022 bli 98% brutto og 78% netto.



9.2 Låneopptak i perioden



	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Rentekostnader						
Lån investering	4 566 000	4 500 000	4 916 000	5 432 000	5 753 000	6 000 000
Husbanken	619 000	620 000	700 000	780 000	860 000	940 000
Sum rentekostnader	5 185 000	5 120 000	5 616 000	6 212 000	6 613 000	6 940 000

Stipulert utvikling rentekostnader i perioden, kilde: KBN finansportal



Skomakarnibbå foto Eldfinn Austigard